

Årsmelding 2011

Styret

I styret har vore: Per Øen (leiar), Jarle Tvinneireim (nestleiar), Tore Saur (kasserar), Andreas Solvik og Rasmus Flore (styremedlemmar).

Det har vore halde eitt Ekstraordinært Årsmøte (samanslåing med Hornindal skyttarlag som vart nedstemt) og 13 styremøte (fleire av dei felles med Hornindal skyttarlag). Til saman 59 saker har vore handsama.

Ein har hatt eitt forhandlingsmøte med Sudstranda skyttarlag vedkomande eventuell ny leigeavtale..

Laget har 104 medlemmar.

Anlegg

Det mest dramatiske som har skjedd dette året, er isferda i vinter som utan rask inngrisen frå styremedlemmar, kunne gjort stor skade, og flaumen natt til 25. juli.

Store nedbørsmengder utløyste jordskred fleire stader i Sør-Markane, og dette saman med skog som Kvithella førte med seg, gjorde at det stappa seg under bruа. Vatn, mold og anna rusk kom inn på plenen. Deler av bruа raste saman når vasstrykket gav seg.

Heldigvis gjorde ikkje flaumen skade på bygningane, men det gjorde i høgste grad toforeveret som utløyste uværet, og elektronikk og datautstyr vart øydelagt.

Takka vere Andreas Solvik og Arild Seljeseth fekk vi utstyret opp og gå nokså raskt..

Forhåpentlegvis får vi erstatta det meste gjennom naturskadefondet og forsikringa.

Det vart kjøpt inn 6 nye skiver til 100 m., skiver som berre skal brukast under konkurransar.

Arrangement

Vi har, saman med Hornindal skyttarlag, arrangert miniatyrstemne på Ytrehorn, Landsdelskretsstemne i skifeltskyting (Grendadalen/Muldsvor), Vårstemne på Sindre, Finale i Nordfjord-cupen, Lagsskyting miniatyr og bane.

Olsokstemnet som vi var godt i gong med, vart avlyst grunna dei tragiske hendingane i Regeringskvartalet og på Utøya.

Det vart starta opp Bedrifts-cup i miniatyrskyting, og vi arrangerte jæger-cup og Skytingens Dag (sjå også under Aktivitetar)

Resultat

Dessverre er det få skyttarar frå Markane som har delteke på stemne denne sesongen. Men vi kan nemne Jarle Tvinneireim sin 6. plass i Landsdelskretsstemne med 342 p. samt hans 29. plass på Norges-cupstemne med 344.

Andreas Solvik og Tore Saur kvalifiserte seg til Toyota-cupfinalen med fleire gode enkeltresultat. Tore, som skyt i kl. 2, vann likegodt finalen i si klasse.

Rasmus Flore har også hevdat seg godt i V65.

Lagsmeister i miniatyrskyting vart Andreas Solvik med 241 p. Martin Lødemel vann junior, også med 241 p. På bane tok Jarle Tvinneireim revansj og vart lagsmeister.

Jarle Tvinneireim, Kai Nyhammer og Kåre R. Haugen deltok på LS i Bodø.

Aktivitetar

I vinter vart det arrangert Bedrifts-cup på miniatyrbana og heile 13 lag var med. Etter endt finaleskyting besto pallen av Team Grøddes, Team Otterdal og Kjøs- og Markane grunneigarlag.

Fortløpende oppdatering av resultat og stilling etter kvar runde gjorde cupen til eit populært samtaleemne i Hornindal.

Jægercupen samla også i år mange deltararar. Klassevinnarar vart: Open klasse – Svein Otto Espe 446 p., kl. A – Andreas Solvik 447 p., kl. B – Magne Øen 405 p., kl. Nybyrjar – Tore Lunde Raftevold 435 p.

Skytingens Dag var i år eit arrangement for jægerar. Årets jæger vart Andreas Solvik med 98 p. føre Arild Seljeseth med 97 p. og eit heilt kobbel på 96 p.

Årets Jaktag var Otterdal aust med 283 p., knepent føre Langeset med 282 p.

Vendefigur vann Jan Erik Skarstein med 45 p.

Jaktskytinga har gått føre seg etter same mønster som tidlegare.

Utleige

Anlegget har også i år vore ein del utleidt, men øydeleggingane natt til 25. juli med påfølgande ruskeveir, gjorde at enkelte trakte seg.

Blant dei som leide anlegget var Barnehagen i Hornindal, Stryn og Hornindal Jæger- og fiskeforening med arrangement for born og unge samt Stryn Fotball – Aldersbestemte klassar.

Sosialt

Vi hadde planlagt dagnadsfest/avslutningsfest for Jarle under Olsokstemne, men det vart naturleg nok utsett.

Ein laurdagskveld i slutten av august arrangerte vi festen med ca. 60 personar til stades. På menyen sto grillmat med ”noggo attåt”, og Arne Haugen spela til dans.

Men kveldens høgdepunkt var utnemninga av Jarle Tvinnereim som Æresmedlem i Markane skyttarlag. Jarle har vore ei drivkraft i skyttarlaget over mange år, samtidig som han har hatt ei flott karriere som aktiv, der dei to kongepokalane i Skifeltskyting er høgdepunkta. I tillegg har han site mange år i DFS sitt styre, dei to siste åra som visepresident. Han har også vore styremedlem i Norges Skiskyttarforbund og sterkt delaktig i mange store arrangement i bygda.

Under finalen i Nordfjord-cupen serverte vi grillmat til dei ca. 40 deltararane. Folk gav seg god tida i det fine veret, og dei uttrykte at dette kanskje burde bli åreviss.

Økonomi

Største inntektskjelda er som tidlegar, bingoén vår. I år fekk vi inn ca. 108.000,-, så sjølv om utgifter til bingomaterirell, annonsar og andre ting går ifrå, vert det eit pent overskot.

Av gåver og tilskot kan nemnast kr. 10.000,- frå Sparebanken Sogn og Fjordane sine gåvemedlar og ca. 15.000,- i kulturmidlar frå Stryn og Hornindal.

Rekneskapen til skyttarlaget syner eit overskot på heile 108.620,-, noko som kjem vel med til vedlikehald/rehabilitering av anlegget i åra framover.

Subsidiar på skot, innkjøpte gevær og skytekle, gjer at det ikkje er økonomien det skal stå på for å få born og unge til å starte med skyting.

Anna

Miljøa i to av våre nabolag, Sudstranda og Stryn, har vore prega av sorg dette året. Lars Birger Holmøyvik, leiar i Sudstranda skyttarlag, gjekk bort i vår. Han etterlet seg eit stort tomrom, ikkje berre i familien, men i heile bygda.

Kolbein Fridtun, som var standplassleiar på Stryn sitt stemne den 22. juli, misste dotter si, Hanne, på Utøya.

Markane skyttarlag markerte begge desse hendingane med kondulansehelsing og bidrag til minnegåve.

Oppgåver i året som kjem

Viktigaste jobben blir å få ordna opp i uteområdet og laga til elvakantane slik at sjansen for oversvømmelse vert redusert.

Uansett utfall i samanslåingssaka, håper eg Ungdomsutvalet blinkar seg ut ein del yngre i bygda vår som dei vil få til å satse på skyting.

Det hadde også vore veldig positivt for miljøet om mange av dykk som tidlegare har vore aktivt med å skyte, gjere come-back slik at vi f. eks. kan stille lag i Nordfjord-cupen. Eg følte meg ille til mote når vi ikkje hadde lag i årets finale som gjekk på heimebane.

Avslutning

Mitt første år som leiar har vore prega av fleire tunge, vanskelege saker. Både forhandlingane med Sudstranda skyttarlag om bruk av bana, saka om samanslåing med Hornindal skyttarlag som vart nedstemd på Ekstraordinært Årsmøte, og skadane på uteområde og elektronikk etter uværet har kravd mykje energi. Energi som burde vore brukt til å få fleire til å vere med å skyte.

Eg lid også under mangel på kompetanse når det gjeld skytesporten, og greier difor aldri å skaffe meg full oversikt slik som for eksempel i volleyball og orientering for å nemne eit par døme.

Når eg likevel har valt å ta eitt år til som leiar, er det fordi fråfalletet frå styret i år er ekstra stort. Så for å få kontinuitet i laget så held eg fram til neste årsmøte.

Til slutt vil eg takke Jarle, Andreas, Rasmus og Tore for veldig godt samarbeid i styret.

Heldigvis fortset Tore Saur i det krevjande vervet som kasserar.

Likeeins ein stor takk til Arne Skrede og Randi Bøe for mangeårig innsats og strukturert opplegg i Jægerutvalet.

Takk også til leiaren i valnemnda, Nils Myrvang, som fekk ein tyngre jobb enn kva som har vore vanleg i det vervet dei siste åra.

Då ynskjer eg alle medlemmar, både unge og eldre, eit godt og aktivt skyteår i 2012. Eg ynskjer også Jarle Tvinnereim lukke til i jobben som Generalsekretær i DFS. Forhåpentlegvis får vi lov å dra vekslar på deg enno ei stund, Jarle!

Markane 28.10.2011

Per Øen
leiar